

VI må! – Barnehagekonferansen 3. og 4. oktober 2013

Alle menneske treng sine hemmelegheiter og VI må ta ansvar, seier seniorrådgivar på Oppvekst- og utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Maren Ørjasæter Aaland. Barnehagekonferansen 2013 set søkjelyset på medviten bruk av IKT og sosiale medium som Facebook og Twitter. Konferansen er viktig og tidsaktuell og skal få barnehage tilsette til å tenkje over korleis vi sikrar «nettveit», fortel Ørjasæter Aaland.

Barnehagekonferansen i Møre og Romsdal blir arrangert på Rica Parken Hotel i Ålesund og er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Målgruppe

Pedagogisk personale i barnehagen, barnehageansvarlege på kommunenivået, PPT- og høgskuletilsette

Alle menneske treng sine hemmelegheiter, og Vi må ta ansvar!

Alle menneske har hemmelegheiter, og dei er viktige for oss både individuelt og i fellesskap med andre. Samtidig veit vi at sosiale medium som Facebook og Twitter er ein del av kvardagen til barn og unge. Korleis bruker vi Facebook og Twitter? Korleis sikrar vi «nettveit»? Korleis styrkjer vi fagleg bruk av IKT, og korleis medverkar vi til at IKT blir ein drivar for pedagogisk innovasjon i barnehage og skule? Desse spørsmåla, saman med etiske og filosofiske refleksjonar og perspektiv, dannar grunnlag for innhaldet i Barnehagekonferansen 2013: **Vi må!**

Skal alt delast i det offentlege rom?

-Vi stiller spørsmålet om tida for hemmelegheiter er forbi? seier Maren Ørjasæter Aaland.

Paneldebatt – «Er tida for hemmelegheiter forbi?» fredag 4. oktober kl. 12.30 – 13.45.

Oversikt bidragsytarar

- Leiar i Utdanningsforbundet Møre og Romsdal **Borghild Moe** opnar konferansen
- Høgskulelektor v/ Høgskulen i Volda **Marianne Hagelia**
- Førskulelærer og bloggar v/ Myrertoppen barnehage **Cathrine Fragell Darre**
- Forfattar og filosof v/ ACTIVA Humanistiske Akademi **Einar Øverenget**
- Seniorrådgivar v/ Senter for IKT i utdanninga **Barbro Hardsen**
- Prosjektleder og småbarnsleder v/ Nardosletta barnehager **Helene Berntsen Brennås**
- Ekstern veileder og høgskulelektor i pedagogikk v/ Dronning Mauds Minne høgskole for barnehagelærerutdanning **Kjersti Nissen**
- Høgskulelektor i pedagogikk v/ Høgskolen i Oslo og Akershus **Morten Solheim**
- Seniorrådgivar v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal **Maren Ørjasæter Aaland**

Relaterte dokument

Brosjyre

Program

Kontaktpersonar

[Maren Ørjasæter Aaland](#) , Tlf. 71258455/ Mob. 900 41 063